

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/23	Heradsstyret	PS	12.04.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/456

Oversending av sak frå kontrollutvalet - finansielle måltal

Vedlegg:

2023 02 14 Møteutskrift sak 0423_finansielle måltal Osterøy kontrollutval
Presentasjon finansielle måltal_Osterøy kontrollutval 14feb 2023

Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak i denne saka

Heradsstyret - 021/23

HS - behandling:

Leiaren i kontrollutvalet, Bjørn Kato Melchersen orienterer.

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

HS - vedtak:

Heradsstyre ynskjer ei eige sak utgreidd frå rådmannen ved tilråding av finansielle måltal til neste møte i Heradsstyret.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Omgrepet kommunal økonomisk berekraft er betydeleg styrka i den nye kommunelova (kapittel 14). Kommunen skal rapportere på økonomisk handleevne over tid, og ha vedteke finansielle måltal.

Det vert anbefalt at kontrollutvalet har ei sak om dette temaet i eit møte før møtet der rekneskapen skal handsamast. Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om både årsrekneskapen og årsmeldinga, jf. kommunelova §14-3. I kontrollutvalet sin uttale kan ei vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB) inngå.

Konklusjon

Kontrollutvalet vil anbefala heradsstyret å gjera vedtak om finansielle måltal for disposisjonsfond og gjeldsgrad.

Sjå vedlegg til saka